



Vang kommune

Anne Synnøve Lunde
Lundevegen 1B
2977 Øye

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SONWEN-2022003857 -59

Arkiv:

K1-223, K2-V10

Vår dato:

09.06.2026

Saksnr.	Utval
105/26	

Vedtak - Søknad tilskott til landbruksforemål - ombygging fjøs Lunde 17/2

Syner til søknad datert 08.02.26 om kommunalt tilskott til ombygging av sauefjøs og ny forsentral på gnr 17 bnr 2, Lunde. Kostnadsoverslaget er på kr 906 400 eksl mva. Garden driv aktivt med sau og søker produksjonstilskott.

Vurdering:

Søknaden er i tråd med dei vilkår og retningslinjer for kommune vilkår og retningslinjer for tilskott til landbruksforemål. Tilskot kan gjevast til: *nybygg/ombygging av husdyrrom herunder utskifting av innreiing i fjøs for å tilfredsstilla nye forskrifter og krav frå styresmakter eller etter pålegg frå Mattilsynet/veterinær. Tiltak under kr 1 500000 kan gjevast inntil 40% av godkjent kostnadsoverslag, maks kr 250 000 pr driftseining.* Dette vil utgjera eit tilskott på kr 250 000.

Vedtak:

Vang kommune gjer med dette tilsagn på 40 % av kostnadsoverslaget inntil **kr 250 000** i kommunalt tilskot til landbruksforemål. Tiltaket gjeld ombygging av sauefjøset og ny forsentral i eksisterande driftsbygning på gnr 17 bnr 2, til Anne Synnøve Lunde, Lundevegen 1B 297 Øye. Tilskotet vert betalt når sluttregnskapet og ferdiggodkjenning av tiltaket er motteke kommunen.

Dette med heimel i kommunelova §23 nr 4 jf kommunedirektøren sitt delegasjonsvedtak og i medhald av kommunestyrevedtak, sak K-051/21 og sak KS-107/24.

Om høve til å klage. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet ein mottek vedtaket, jamfør §§28 og 29 i forvaltningslova.

Vilkår for utbetaling av kommunalt tilskott til landbruksføremål:

- Er det tiltak som er søknadspliktig etter PBL, må denne vera godkjent ført til evt utbetaling av tilskot Søkjer kan be om delutbetaling ut frå prosentvis utført arbeid og rekneskap utan mva inntil 90% Tiltaket skal ferdiggodkjennast av kommunen før tilskottet blir utbetalt.
- Ombygginga blir sett opp etter dei krav i henhold:
 - Forskrift om velferd for småfe §4-13, §18
 - areal pr. dyr
 - liggeplass
 - ventilasjon og lys
 - tilpassa bygg etter dyra sine behov
 - Dyrehelseforskrift §1-2
 - krav til smittesluse/sonedeling
 - hygiene, rein/urein sone
 - handtering av dyr og transport
- Rekneskapet skal vera ført av autorisert rekneskapsfører med oversikt over utgifter utan mva. og eigeninnsats med undertekning og stempling
- Arbeidsfristen er 3 år frå tilsagnet om tilskott er gjeve
- Det kan ikkje gjevast tilskot til tiltak som er å sjå på som vanleg vedlikehald t.d. reparasjon av eksisterande innreiing, skifting av tak og vindauger
- Timeliste for eige arbeid skal leggjast ved. Timesats for eige arbeid er for tida kr 450 timen, og for bruk av eigne maskin er 900,- kr timen. Tilskottet blir gjeve med atterhald av budsjetterte midlar i kommunen.
- Dersom tiltak det er gjeve tilskot til vert avvikla før det har gått 5 år etter at tilskot er utbetalt, skal tilskottet betalast attende etter avtrapping

Med helsing

Wenche Søndrol
landbruksrådgjevar

Dir. tlf.: 468 29 071

E-post: wenche.sondrol@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til

Åsmund Løvgreen